

4. Spørsmålet er stilt av Thomas Wallem, Meland Høgre:

Spørsmålet gjeld om Meland sjukeheim er villig til å endre rutinene rundt middagsservering frå kl. 12.30 til «rundt normal middagstid». Det blir vist til Stord sjukeheim der ein har gode erfaringar med dette. Ordføraren synes dei erfaringane ein har gjort seg på Stord er nyttige og interessante, underernæring blant eldre er eit viktig fokusområde. Samstundes blir det i dag gjort eit godt arbeid med ernæring på Meland sjukeheim. Leiar på Meland sjukeheim har dette svaret:

Meland Sjukeheim har hatt særleg fokus på ernæring i 2016, men over fleire år har dette vore tema tildegare også. Blant anna har ein ført ernæringsjournal for kvar pasient.

I april 2016 hadde vi to fag-dagar der alt pleiepersonalet deltok. Kurshaldar var ein prosjektleder ved Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland.

Med bakgrunn i fag-dagane har Meland Sjukeheim fokusert på at det er viktig å ha 4 fullverdige måltid pr døgn.

Tidspung for middagsservering vart diskutert. Det vart likevel konkludert med så langt at det viktigaste er at det vert servert 4 fullverdige måltid pr døgn.

Med bakgrunn i tidlegare arbeid og ved justering etter fagdagane kan eg nemna desse punkta: :

- Kaffi-måltidet er utvida / styrkja med tanke på ernæring.
- Det vert laga mellom-måltid som vert servert etter behov (td ettermiddag, kveld, natt)
- Det vert gjennomført individuelle tiltak i høve til underernæring / overvekt. Det vert td laga mellom-måltid eller måltid med auka næringstettleik.
- Det vert kartlagt ernæringsstatus for kvar enkelt pasient slik at den einskilde får individuell oppfølging.
- Meland Sjukeheim har institusjonskjøkken. Dette er ein stor føremon særleg ut frå høvet til individuelt tilpassa kost og «beriking» av kosten til einskilde pasientar.
- Døgnrytmen er sentral i tenesteytinga og sjukeheimen er opptatt av aktivitetar. Dette ser ein viser att i matlysta til den einskilde pasient. Eit flott verkemiddel her er bruk av sykklar (Motitec). Kjøkkenet rapporterer at det viser seg at det går fleire brød til frukost enn før.
- Meland Sjukeheim er opptatt av sentrale føringar frå helsedirektoratet og elles kva forskning og utvikling syner.
- Dersom Meland Sjukeheim skal endra klokkeslett for middagsservering vil dette medføra noko endring i ulike turnusar bla fordi det er ein god del pasientar som treng hjelp i måltidssituasjonen. Det vil også medføra noko endring i turnus for personalet ved kjøkkenet.

Det å endra klokkesletta for middagservering har som nemnd vore vurdert og kan sjølvstundt vera mogeleg å få til. Samstundes er viktig at ein ser på heile bildet og gjer ei totalvurdering ut frå dei ulike momenta som eg har peika på over.

Svaret frå leiar på sjukeheimen gjer meg trygg på at det blir arbeidd godt med dette området på Meland sjukeheim. Samstundes er erfaringane frå Stord så interessante at eg vil sende saka over til rådmannen og pleie/omsorg med oppmoding om å vurdere dette. Eg vil samstundes be om at ULK blir halden orientert om vurderingane som blir gjort og eventuelle erfaringar ein vil gjere seg.

Frekhaug, 14.12.2016
Øyvind H Oddekalv
ordførar